

**Gaular spelemannslag  
arrangerer TØFT-samling for  
born/ungdom laurdag  
12.november!**

**TØFT-kurs i dans  
for aldersgruppa 9-18år**

Instruktørar vert Mari Andrea Ness  
og Elin Grytting

Tid og stad: kl 14.00 – 18.00  
på Viksdalen Bedehus

Deltakarane får mat og drikke på kurset  
+ fri inngang på marknadsfesten.  
Kurset er finansiert gjennom TØFT-midlar  
frå Sogn og Fjordane Folkemusikklag.

**Små-TØFT**

**for førskuleborn og 1.-3.klassingar**

Velkomne til songstund med Elin Grytting!

Tid og stad: kl 13.00 – 14.00  
på Viksdalen Bedehus

Born under skulealder må vere i følge med  
ein vaksen.

***Påmelding til TØFT og små-TØFT med  
namn og alder innan 9.nov til  
Mari Andrea Ness tlf 97515348***



**Marknadskafé**

Nysteikte vaflar, natronkake, Viksdalslefse,  
kaffi og brus begge dagar.

**Laurdag** byr Gaular Spelemannslag på  
risengrynsgraut, og **sundag** står  
raspekake på menyen:



2

Viksdalsmarknaden



**2022**

**Laurdag 12. og sundag**

**13.november**

**kl. 12.00 – 16.00  
på Viksdalen skule**

**Marknadsfest  
laurdag kl. 20.00**

Arr. Marit Eldal, Eldalsdalen Grendalag  
og Gaular Spelemannslag

LES MEIR OM VIKSDALSMARKNADEN PÅ  
FACEBOOK ELLER PÅ WWW.VIKSDALEN.NO

## Velkomen til marknad på Viksdalen!

Hausten er godt i gang, og jula nærmar seg. Det gjer og marknaden på Viksdalen. Etter to år utan, blir det marknad att, den 32. i rekka.

Flittige handverkarar, småskala-produsentar og bokskrivarar kjem med kvalitetsvarer for sal. Nokre har vore her tidlegare, men også nye produsentar finn vegen til marknaden vår.

I år er det litt færre utstillarar enn tidlegare, men dei som kjem, får god plass til å vise fram varene sine. Her er varer til nytte og pryde, aktuelle som gåver eller til eige bruk.

Små og store, unge og eldre, utstillarar og publikum frå fjern og nær: De er alle hjarteleg velkomne til marknadshelg på Viksdalen!

### Måleriutstilling i gymsalen

Me er så heldige å ha fått *Siv Maren Hetle* til å stille ut bilde på marknaden. Siv, som er oppvaksten på Oppedal i Viksdalen, bur no på ein gard på Berge utanfor Høyanger, med panoramautsikt til Sognefjorden. Ho er utdanna aktivitør med pedagogikk. Ho har likt å teikne, sy og måle frå ho var lita. Mora si symaskin vart flittig brukt.

Siv lagar tekstilbilde og abstrakte bilde med oljemaling. Eller fantasibilde, som ein sjølv finn følelse eller stemning i. Ho er inspirert av lyset og naturen, og av kunstutstillingar. I tillegg til å jobbe på garden, arbeider Siv på Høyanger skule med kunst og handverk, på SFO og Kyrkjebø sjukeheim. Kunsten er ein hobby som gir ho energi innimellom dei forskjellige jobbane. Siv synest det er kjekt å stille ut iblant, ho har òg seld ein del bilde gjennom Instagram, til fjern og nær.

## Utstillarar

Namn	Stad	Produkt
Anita Solberg	Rådal	Handstrikk
Anna Seljen <i>Sundag</i>	Førde	Lappeteknikk
Aud Jenny Hoff Kismul	Nesttun	Bok: «Håp om lysere tider»
Einar Nedrebø	Jølster	Trearbeid
Eldalstunet	Viksdalen	Trearbeid, rosemåling
Gaular Sogelag	Gaular	Sogeskrift
Gerd J. Haugland	Naustdal	Glasprodukt
Inger Helene Skrede	Florø	Strikka sokkar, skilt, lykter
Kåre Haugland	Eid	Spekepølser
Lene Valvik	Førde	Strikk og garn av sau, alpukka og angora
Mariann Oppedal <i>Laurdag</i>	Viksdalen	Sydde og strikka produkt, varer i tre
Mor Villrose (Mona Janne Myklebust)	Holmedal	Saft, sylte, gelear
Natalie Nedrebø	Jølster	Bakst
Randi L. Viken	Bergen	Div. strikk og handarbeid
Sjur Huke	Leikanger	Eple, eplesaft
Svanhild Oppedal	Viksdalen	Filleryer, hardangersaum, vev og hekling
Viksdalen skule, 9.klasse	Viksdalen	Viksdalskalender, fisk

### Marknadsfest laurdag kl 20.00

med dans for små og store til tonar frå Indre Sunnfjord Spelemannslag, toradargruppa i Naustedalen Spelemannslag, Egil Furenes frå Folkemusikklaget Havbrusen og «Viksdalen Junior-spelemannslag» med vener.



Sal av betasuppe, pølse, kake, kaffi og brus.

Inngang: vaksne kr 200, skuleborn/ungdom kr 50.

### Vipps!

Både i marknadssalet og marknadskaféen kan ein nytte kontantar eller Vipps. Nokre utstillarar tek også imot betaling med kort.

NB! Det vert ikkje «bankteneste» med høve til å ta ut kontantar slik vi har hatt på marknaden tidlegare år.

# joker

VIKSDALEN HANDEL AS  
Tlf/fax 57719800